



# MODALEN KONTROLLUTVAL

## MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 4. mai 2022 kl. 09.00 – 13.30

Stad: Formannskapsrommet, kommunehuset

Tilstades: Tom Kristian Thorsen (leiar) Ove Eidsnes (nestleiar), Sigrunn Almelid Birkeland (medlem), Bjørn Helge Venås (medlem) og Linda Tollefsen (medlem).

Forfall:

Andre: Ordfører Kjetil Eikefet, assisterande rådmann Tonje Husum Aarland, økonomisjef Magne Verpelstad (i sak 17/22) og rektor og skuleeigarrepresentant Jahn Olav Nordheim (i sak 18/22)

Revisor: Revisjonssjef Janne Eraker, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

## INNHALD

14/22 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....	2
15/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 23.02.2022 .....	2
16/22 Skriv og meldingar .....	3
17/22 Årsrekneskap og årsmelding 2021.....	4
18/22 Oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon.....	6
19/22 Orientering om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet .....	8
20/22 Aktuelt i Modalen kommune .....	9
21/22 Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021.....	10
22/22 Budsjett kontrollutvalsarbeidet 2023 .....	10
23/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret .....	11
24/22 Møteplan 2022 .....	11
25/22 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.....	12
26/22 Eventuelt.....	12



## 14/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 4. mai 2022 er godkjent.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Sigrunn Almelid Birkeland fekk ikkje sakspapir på e-post. Sekretær sjekkar opp kva som har skjedd, og passar på at det ikkje skjer neste gong.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 4. mai 2022 er godkjent.

## 15/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 23.02.2022

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 23.02.2022*

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Møteprotokoll frå møtet 23.02.2022 er godkjent slik den ligg føre.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 23.02.2022 er godkjent slik den ligg føre.



## 16/22 SKRIV OG MELDINGAR

- a) Svar på spørsmål frå FKT til KMD om status for lovtolking kring representasjon av kommunestyremedlem i kontrollutvalet.
- b) KMDs organisasjonsdatabase, sluttrapport 2021.
- c) Informasjon om arbeid med rettleiar til kontrollutvala for handsaming av henvendingar.
- d) Møtegodtgjersle kontrollutvalet (folkevalde organ)
- e) Årsmeldinga for kontrollutvalet 2021 var oppe som meldingssak i kommunestyret.

### *Saksvedlegg:*

*Presentasjon av arbeid med rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet*

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek meldingssakene a-e til orientering.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte kort om meldingssakene.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a-e til orientering.



## 17/22 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2021

*Saksvedlegg:*

*Framlegg til uttale, Sekretariatet*

*Revisjonsmelding 2021, Vestlandsrevisjon IKS*

*Rapport etter revisjonen nr. 17, Vestlandsrevisjon IKS*

*Årsmelding 2021, Modalen kommune*

*Rekneskap 2021, Modalen kommune*

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. *Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2021.*
2. *Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om årsrekneskapen og dei økonomiske forholda i årsmeldinga, og utdjupa følgande tema:

- Resultat i 2021
  - Netto driftsresultat 7,3
  - Korrigert nettodriftsresultat 8,9
  - Rekneskapsmessig mindreforbruk 0,0
- Utviklinga av korrigert driftsresultat dei 10 siste åra.
- Avvik innfor dei ulike budsjettområda i høve budsjett. Desse er omtala i årsmeldinga.
- Prosentvis endring samla inntekt og utgift dei fem siste åra.
- Spesielle hendingar/omsyn, som pandemi, ras, stenging av Bryggjeslottet, straumpris, skatteinngang, som har påverka drift og økonomi i 2021.
- Lønnskostnader med utvikling dei tre siste åra.
- Utvikling av ubundne fondsmidlar dei siste fem åra. Nedgang frå 24,4 mill i 2017 til 7,8 mill i 2021. Vidare er det planar om færre investeringar, og å bygga fondsmidlane opp att.
- Lånegjeld, utvikling dei siste fem åra. Har auka dei siste to åra. Vert planlagd for at lånegjelda skal gå ned vidare.
- Likviditet, som framleis er god.
- Investeringsrekneskapen.

Det vart stilt spørsmål om årsmeldinga skulle presenterast. Administrasjonen hadde ikkje planlagt presentasjon av årsmeldinga utover økonomiorrådet.

Sigrunn Almelid Birkeland stilte spørsmål rundt sjukefråver og kom med innspel til det som sto om dagsenter og korleis det er strukturert, lokalisert og omtala. Kontrollutvalet ynskjer å få orientering om dette seinare.



Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen, og gikk gjennom innholdet i revisjonsmeldinga og rapport om revisjonen.

Revisor har gitt ein normalberetning. Det er ikkje vesentlege avvik i rekneskapen.

Rekneskapen oppfyller alle lovkrav, og det er ei trygg og god økonomihandtering i Modalen.

Det var ein formell feil i opprinneleg budsjett, som gjer at avviket mellom rekneskap og budsjett er større enn reelt. Dette er ikkje vesentleg, og det er godt omtala i årsmeldinga, men gjer det litt vanskelegare for t.d. kommunestyrerepresentantane å lesa rekneskapen opp mot budsjett.

Kontrollutvalsmedlemmene stilt spørsmål om bundne fond utan føringar dei siste åra. Ordførar og assisterande rådmann svara, og vil følga opp dette.

Assisterande rådmann kommenterte manglande avsetjingar for løyvingar frå næringsfond, og at dette vil følgast opp.

Revisor avslutta med ein kommentar om at rekneskapen er eit godt arbeid, og at alle lovkrav og notar er på plass. Det er lett for revisor å få raske og gode svar. Naudsynte korreksjonar vert gjort av økonomisjef.

Kontrollutvalet diskuterte framlegg til uttale til årsrekneskapen og årsmeldinga, og stilte seg bak vedlagte framlegg frå sekretariatet.

Framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke.

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

3. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2021.
4. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.



## 18/22 OPPFØLGING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

*Kontrollutvalet ynskjer ei meir detaljert orientering om tema .... i neste møte, før skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vert bestilt.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Rektor og skuleeigarrepresentant Jahn Olav Nordheim gav ein presentasjon av skulefritidsordninga ved Mo skule (Modalen kommune) med fokus på kvalitet.

Presentasjonen, saman med årsplan og vedtektene for SFO, vert lagt ved protokoll.

Det vart stilt spørsmål rundt leksehjelp. Dette er eit eige frivillig tilbod om tysdagar for alle elevane på skulen.

Dei tilsette på SFO har andre stillingar i kommunen der dei fleste arbeider i om lag full stilling. Er mål om at kommunen skal tilby 100% stillingar.

Assisterande rådmann Tonje Husum Aarland orienterte om rekruttering, løn og tilsettepolitikk.

Presentasjonen vert lagt ved protokoll til informasjon.

Det er eit ynskje om heiltidskultur i kommunen. Nokre tilsette ynskjer reduserte stillingar.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

Det vart ein pause i saka, der sak 19/22 og 20/22 vart handsama, då ordførar måtte vidare til annan avtale.

Kontrollutvalet drøfta prioriteringane i plan for forvaltningsrevisjon og ynskt tema for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet ynskjer å be forvaltningsrevisor om å rådgje kontrollutvalet i diskusjon om følgjande tre prioriterte område i neste møte:

1. Oppfølging av politiske vedtak
2. Etikk, varsling og habilitet
3. Internkontrollsystem



Andre del av framlegget til vedtak vart endra av eit samstemmig kontrollutval til:

*Kontrollutvalet ynskjer å drøfta dei tre prioriterte temaa – oppfølging av politiske vedtak, etikk, varsling og habilitet og internkontrollsystem – med revisor i neste møte, før skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vert bestilt.*

Einstemmig vedteke.

---

#### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Kontrollutvalet ynskjer å drøfta dei tre prioriterte temaa – oppfølging av politiske vedtak, etikk, varsling og habilitet og internkontrollsystem – med revisor i neste møte, før skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon vert bestilt.



## 19/22 ORIENTERING OM RAPPORTERINGSPROSEDYRAR FOR TILSKOTSMOTTAKARAR FRÅ NÆRINGSFONDET

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Saka vart handsama i ein pause i sak 18/22.

Ordførar Kjetil Eikefet orienterte.

Det er ikkje vedtekne/skrivne rutinar for rapportering korkje frå tilskotsmottakarar til næringsfondet elle til kommunestyret om kven som har fått tilskot. At kontrollutvalet har teke opp saka vil gi ein dytt til at dette må ryddast opp i.

Assisterande rådmann Tonje Husum Aarland orienterte om at administrasjonen vil sjå på rutinar for dette i samanheng med det revisor peikar på i rapporten om revisjonen. Det vil då vera dialog med næringsstyret om kva informasjon som skal etterspørjast frå tilskotsmottakarar.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.





## 20/22 AKTUELT I MODALEN KOMMUNE

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Orienteringa frå ordførar vart handsama i ein pause i sak 18/22, medan orienteringa frå assisterande rådmann vart handsama i høve saklista.

Ordførar Kjetil Eikefet orienterte kort om:

- Revisjon av konsesjonsvilkår. Ordførar og rådmann har følgd opp laksetrapp med Eviny. Eviny følg opp tiltak i samråd med Statsforvaltaren.

Assisterande rådmann Tonje Husum Aarland orientert kort om:

- Prosess for mottak av flyktningar.
- Interkommunalt samarbeid innan barnevern, ny organisering fordi Vaksdal og Osterøy no går saman. Kommunestyret i Modalen vil handsama ny samarbeidsmodell.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål og fekk svar.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



## 21/22 REKNESKAP FOR KONTROLLUTVALSARBEIDET 2021

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte om rekneskapa for kontrollarbeidet i Modalen 2021.

Framlegg til vedtak vart einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 22/22 BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2023

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 735 000,-.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalssekretær orienterte om framlegget til budsjett for kontrollarbeidet i Modalen 2021.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2023 på kr 735 000,-.



## 23/22 OPPFØLGING AV KONTROLLUTVALET SI EIGENVURDERING UNDERVEGS I PERIODEN 2019 – 2023: TEMA ROLLE OG SAMSPEL MED KOMMUNESTYRET

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

*Kontrollutvalet tek med seg vesentlege poeng frå diskusjonen i møtet i arbeidet sitt vidare. Sekretariatet, i samråd med leiar, føreslår korleis evalueringsarbeidet vert følgd opp vidare i samband med møte i 2022.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalet ynskte samrøystes å utsetje saka til neste.

På bakgrunn av dette vart samrøystes vedtak:

*Kontrollutvalet utset saka til neste møte.*

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet utset saka til neste møte.

## 24/22 MØTEPLAN 2022

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoar for møta står fast.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Kontrollutvalsmedlemmene gjekk raskt gjennom møteplanen i fellesskap.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Møteplan vert justert med små endringar i tentativ plan for saker til kvart møte og lagt ved protokoll til orientering. Datoar for møta står fast.



## 25/22 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Ingen særlege saker sett.

Framlegg til vedtak einstemmig vedteke.

---

### SAMRØYSTES VEDTAK

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

## 26/22 EVENTUELT

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*

---

### BEHANDLING I MØTET

Det kom ikkje opp nokon saker under eventuelt.

*Neste møte i kontrollutvalet er 22. juni.*

Modalen, 04.05.2022

Tom Kristian Thorsen

*Leiar i kontrollutvalet*

Trude Bruket

*Kontrollutvalssekretær*

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og har difor ingen signatur*




# Rekruttering, løn og tilsettepolitikk

Orientering i kontrollutvalet, 04.05.2022




# Rekruttering, løn og tilsettepolitikk

- ❖ Organisasjonskart
- ❖ Lønspolitisk retningsline for Modalen kommune, KS sak 034/17
- ❖ Personalpolitisk plattform, KS sak 034/17
- ❖ Rekrutteringstiltak



# Organisasjonskart

Tilsette i Modalen kommune:  
78 faste tilsette per 31.12.2021  
**Totalt 114 tilsette i kommunen**





# Lønspolitisk retningsline for Modalen kommune, KS sak 034/17

- Gjeld alle tilsette i kommunen
- All løn i Modalen kommune vert gjeve ut frå ei samla vurdering; medarbeidarar i hovudtariffavtalen (HTA) kap. 4 får størstedelen eller all løn regulert sentralt, medan medarbiedarar og leiarar i kap. 5 og 3 får all løn fastsett lokalt
- Årshjul:
  - Juni:
    - Rådmannen går gjennom tariffoppgjeret saman med tillitsvalde dei åra det er hovudoppgjer
    - Rådføre leiargruppa om lønspolitiske område som bør ha fokus i lokale forhandlingar
  - August:
    - Lønspolitisk drøftingsmøte med dei organisasjonar som har tillitsvalde
  - September – oktober:
    - Lokale forhandlingar for kapittel 3 og 5 kvart år (jf. HTA)
    - Lokale forhandlingar for kapittel 4 dei åra det er bestemt sentralt
  - November:
    - Iverksetjing av forhandlingsresultat med etterbetaling frå avtalt verknadstidspunkt





# Personalpolitisk plattform, KS sak 034/17

- Plattformen skal vere eit verkemiddel i arbeidet med å nå eit av hovudmåla i kommuneplan for 2015 – 2026:

➤ *Modalen kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og attraktiv arbeidsgjevar med relevant kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og gode tenester.*

- 6 innsatsområder:
  1. Læring og utvikling
  2. Organisasjonskultur
  3. Etikk
  4. Seniorpolitikk og livsfasepolitikk
  5. Lønspolitikk
  6. Omdømmebygging



# Rekrutteringstiltak

- Tilpassa tiltak knytt til særskilde faggrupper
  - Sjukepleiarar (eiga retningsline)
- Lærlingordninga
  - Tre lærlingar per d.d. (pleie- og omsorg, oppvekst)
- Kompetanseutvikling
  - Felles kompetanseplan for alle tilsette (vedteke i adm.utvalet 16.11.2021) – pilotering på kundetorget 2022
- Konkurransedyktig løn
  - Jf. lønspolitisk retningsline; løn ut frå arbeidsmarknadsomsyn
- Tilsettingsutval i alle rekrutteringssaker
  - Aktuell hovudstillitsvald, leiar og ass.rådmann



## Møteplan 2022

### Modalen kontrollutval

**Vedteke:** 23.02.2022

**Endra:** 04.05.2022 (kun mindre endringer i tentativ sakliste)

Faste saker på kvart møte er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Godkjenning av protokoll frå sist møte
3. Meldingssaker
4. Orientering frå/dialog med ordførar og rådmann
5. I 2022: Oppfølging av internevaluering kontrollutvalsarbeidet (etter ynskje og behov)
6. Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

<b>23. feb.</b>	Rapport/orientering om interimrevisjon 2021 Status for årsrekneskapen 2021 – orientering Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 – vidare prosess: orientering frå rådmann om moglege område for revisjon Årsmelding kontrollutvalet Årsmelding kontrollutvalssekretariatet - orienteringssak Budsjetttvedtak kontrollutvalsarbeidet - orientering Kontrollutvalet årsplan/møteplan
<b>4. mai</b>	Årsrekneskap og årsmelding – Uttale frå kontrollutvalet Andre relevante årsmeldingar (kommunale selskap t.d.) Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt - bestille Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021 Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2023 Orientering frå ordførar om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet
<b>22. juni</b>	Oppfølging av evaluering med drøfting Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021 Handsame prosjektplan forvaltningsrevisjon Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar Oppfølging av tilrådingar etter forenkla etterlevingskontroll 2020 med tema sjukelønsrefusjonar Orientering om organisering, struktur, lokalisering av dagsentertilbodet for eldre (på bakgrunn av korleis det er omtala i årsmeldinga, og at dette har vore eit tema det har vore etterspurt forbetringar innan tidlegare) Oppdatere møteplan for hausten ved behov
<b>7. sep.</b>	Statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt Plan for rekneskapsrevisjon 2022 Revisor sin uavhengighet Oppfølging av selskapskontroll 2018? Orientering om investeringsprosjekt og finansiering (KØB) Orientering Overordna internkontrollsystem Orientering om budsjettprosess Oppfølging av eventuelle revisjonsmeldingar



<b>7. des.</b>	Handsaming rapport forvaltningsrevisjonsprosjekt Møteplan/årsplan for 2023 Rekneskap: Oppfølging av punkt i revisjonsrapport Orientering om vedlikehaldsplan og finansiering (KØB) Orientering om aktuelle kurs <i>Orientering om eventuelle kommande eksterne tilsynsrapportar</i>
----------------	--

**Andre aktuelle orienteringssaker:**

Økonomi og personal

Sentralarkiv

Orienteringar om organisering, internkontroll og pågåande utviklingsarbeid innan tenestoområda:

- Skule, barnehage, kultur
- Helse, pleie, omsorg
- Teknisk, drift m.m.

**Andre saker, fortløpande ved behov:**

Tilsynsrapportar frå eksterne

Eventuelle nummererte brev

Fortløpande orienteringar frå revisor

Fortløpande orienteringar frå sekretariatet

Eventuelle innmeldte saker frå innbyggjarane el andre eksterne

- *Planen er godkjent med atterhald om endringar undervegs.*

- *Tema/saker til handsaming i kvart enkelt møte vert avklart med kontrollutvalsleiar før innkalling til møtet vert sendt ut.*

**- Møtedagar i Modalen kommune**

Kontrollutvalet: onsdag (kl 09.00)

Kommunestyret: torsdag

Formannskap: tysdag



SFO ved Mo  
skule  
(Modalen  
kommune)

- Tilbod om SFO er heimla i opplæringslova § 13-7

- Vedtekter for skulefritidsordninga vart sist revidert i 2017

- SFO ved Mo skule følger rammeplan for SFO fastsett av Kunnskapsdepartementet 2021

- Månadsplan/aktivitetsplan vert sendt alle heimane saman med oppsummering kvar månad

- Ressursar i SFO 2021-2022

- Leiar (rektor) 20%
- Dagleg leiar (fagarbeidar) 10%
- Fagarbeider/assistent 105% inkl. lærling



- Brukarar/elevar

- 22 elevar frå 1.-4.klasse har plass i SFO i “kjærnetida” 8 t/v
- Fem elevar har plass i SFO før og etter undervisningstid
- Opningstid 07.30-16.30 alle dagar

# MODALEN KOMMUNE



## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)

### § 1 Grunnlaget for SFO.

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7.

**«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.**

**Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».**

I tillegg baserer drifta av SFO seg på kapittel 23 i Forskrift til opplæringslova.

### § 2 Eigarforhold og styre.

- a) Modalen kommune står som eigar og driv SFO.
- b) Kommunestyret godkjenner vedtektene.
- c) Samarbeidsutvalet ved Mo skule er styre for SFO. Leiar for SFO og ein foreldrerepresentant vald av foreldremøte i SFO / 1.-4.klasse har møte- og røysterett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO. Døme på slike saker ken vera endring av vedtekter og tilbod og fastsetjing av skulerute for skule og SFO.

### §3 Opptak.

- a) Leiar for SFO innstiller
- b) Rektor har opptaksmynde i SFO.
- c) Formannskapet er klageinstans.

### §4 Opptakskriterier.

- a) SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4.klasse. Elevar i 5.-7.klasse med særskilde behov kan òg ha rett til plass i SFO.
- b) Elevar i 1.-4.klasse får tilbod om gratis SFO-plass i skuletida dei dagane dei er tidleg ferdig med undervisning.
- c) Søknad om plass foregår slik:

- Foreldre/føresette søker på fastsett skjema som ligg på Modalen kommune si heimeside.
- Søknaden vert sendt til Mo skule
- Leiar for SFO set opp oversyn over søkerane og lager innstilling.
- Rektor gjer opptaket. Dette bør vera gjennomført innan 1.mai.
- Hovudopptaket vert gjort for perioden som føl skuleåret.
- Dersom det er ledige plassar kan søkerar verta teke opp i løpet av skuleåret.
- Det skal gjevast skriftleg melding innan 3 veker om ein tek imot plassen. Dersom skulen ikkje får melding innan fristen, kan ein mista plassen.

#### **§5 Klage på opptak.**

- a) Formannskapet er klageinstans for opptak.
- b) Klagefrist er 3 veker etter at ein har motteke melding om opptak.

#### **§6 Oppseiing av plass i SFO**

- a) Frist for å seia opp plassen er den 1. i kvar månad
- b) Oppseiinga skal skje skriftleg. Oppseiingstida er 1 mnd frå skriftleg melding er motteke.

#### **§ 7 Foreldrebetaling.**

- a) Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.
- b) Kommunen ved kommunekasserar står for innkrevjinga.
- c) Ein betaler for 10 ½ månad (juli og fyrste halvdel av august er betalingsfri). Dersom ein nyttar SFO i denne tida betaler ein etter punkt e).
- d) Søskenmoderasjon vert gjeve med 20% frå born nr to.
- e) Når ein nyttar SFO i skulen sine feriar, vert betalinga rekna pr time etter påmelding.
- f) Ved ledige plassar kan ein gje barn dagopphald ved spesielle høve. Betalinga vert rekna pr time opphaldet varer.

#### **§ 8 Leike- og opphaldsareal.**

- a) SFO nyttar lokale og uteområda til skulen.
- b) SFO har fast base på Mo skule.
- c) Skulen og SFO finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

#### **§ 9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid.**

- a) Dagleg opningstid kl 07.30-16.30 den tida barnet ikkje er på skulen.
- b) Etter avtale kan born starta SFO i barnehagen kl 07.00, og nytta skulebussen ned til skulen om morgonen.
- c) SFO gjer tilbod som fylgjer skuleåret. SFO har stengt på 5 av skulen sine planleggings dagar slik det går fram av den årlege skuleruta. SFO er òg stengt på julafta og nyttårsafta.

- d) Borna skal ha ferie 4 veker kvart år. Minst 3 av desse skal takast samanhengande i samband med sommarferien.
- e) SFO held feriestengt i veke 29.

#### **§ 10 Organisering.**

- a) Skulefritidsordninga er lokalisert ved og skal tilretteleggjast som ein integrert del av verksemda Mo skule.
- b) Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret.
- c) Til ei kvar tid er det tilsett ein dagleg leiar for SFO.
- d) Det skal alltid vera minst 1 vaksen tilstades når skulefritidsordninga er open. Dersom fleire enn 12 elevar nyttar tilbodet samstundes skal det vera 2 vaksne tilstades.
- e) Dersom SFO har born med spesielle behov skal ekstra bemanning vurderast.
- f) Skulefrie dagar og feriar samkøyrer SFO og barnehage ved behov.
- g) Det skal vera ein forpliktande samarbeidsavtale mellom Mo skule, SFO og Modalen barnehage som ivaretek felles bruk av personale, lokale og utstyr.

#### **§ 11 Brukarmedverknad.**

Det skal haldast to foreldremøte årleg, eitt hausthalvåret og eitt vårhalvåret. Dette kan samkøyrast med foreldremøte for 1.-4.klasse. Foreldremøtet skal velja representant til Fau og samarbeidsutvalet, jfr §2 pkt. d)

#### **§ 12 Teieplikt.**

Dei tilsette i SFO er bunde av teieplikt etter forvaltningslova § 13.

#### **§ 13 Politiattest.**

Personale i skulefritidsordninga lyt leggja fram politiattest for arbeid med born ved tilsetjing.

#### **§ 14 Forsikring.**

Borna er dekkja av den kommunale forsikringsordninga i opphaldstida.

#### **§ 15 Intern-kontroll.**

SFO følgjer kommunen sitt internkontroll-system som ein del av skulen og barnehagen sin drift.

Vedtektene er vedteke i møte i samarbeidsutvalet 05.01.2017

Vedteke i Kommunestyret KS 008/2017

# ÅRSPLAN

FOR MO SKULE SIN SFO



2021-2022

## Personalet på SFO:

Leiar: Karin Nordheim

Fagarbeidar : Aud Sonja Fjellanger

Fagarbeidar: Jannike Surland Våge

Fagarbeidar: Margunn Farestveit

Lærning: Marion Johnsson

Pedagogisk ansvarleg: Jahn-Olav Nordheim

### Kontakt SFO:

Telefon SFO: 945 07 370/ Karin Nordheim 900 25 856

Epost: [karin.nordheim@modalen.kommune.no](mailto:karin.nordheim@modalen.kommune.no)

## opplæringslova

### § 13-7.Skulefritidsordninga

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Vedtekter for Modalen SFO vedtekne 05.01.2017 ligg på Modalen kommune sine heimesider.

### Mål:

Gje borna ei positiv sjølvoppfatning gjennom leik og aktivitetar ute og inne. Utvikle positive haldningar gjennom gode vanar og opplevingar. Nyttå fysisk aktivitet som middel for å fremja samarbeid, sosial læring og venskap.

### Tal born i 2021-2022

1.kl.8 born

2.kl. 4 born

3.kl.5 born

4.kl. 4 born

## Vårt innemiljø

SFO held til i klasserom 1 og 2, me kan også nytta grupperom 1. Me kan nytta andre rom på skulen når desse er ledige. (kjøkken, kunst& handverk m.fl) me nyttar same inngang og garderobe som i skuletida.

Inne kan borna leika med Lego, magnetar, bilar og ulike klossar. Dei kan også perla, teikna, fargeleggja og spela spel.

Tysdag får dei tilbod om leksehjelp. Ta kontakt på tlf. 945 07 370 dersom barnet skal vera med på leksehjelpa.



## Vårt utemiljø.

Me disponerer heile skulen sitt område. Reglane for uteleik er dei same som i skuletida.

Ute kan borna leika med sykklar, sandleikar, dissa, hoppetau og i ulike leikeapparat, i tillegg til ulike ballspel i ballbingen og på skuleplassen.

**Ha alltid med klede for dagens vær, då me er ute kvar dag.**

Det er ikkje lov til å ta med egne leikar.

Uteklede/sko og drikkeflasker vert sendt heim kvar fredag, så ta med ein bag eller ein stor pose.



## Tryggleik

Me har ei oversikt der det m.a står korleis og når borna skal heim. **Om det vert endringar på dette, må me ha beskjed frå heimen. Send melding eller ring :945 07 370/ 900 25 856.** Dersom barnet dykkar t.d. skal vera med andre heim, send gjerne melding litt tidleg på dag slik at me kan tryggja borna på at me veit om det, og at det er rett. Dersom de hentar born i SFO tida, så sei frå til ein vaksen, slik at me får registrert at barnet er henta.

Det er også greit om ein gjev melding dersom barnet er sjuk elle borte av andre årsaker.

SFO sin mobil skal vera tilgjengeleg i opningstida. Utanom denne tida kan de senda sms og de får svar så snart som mogeleg.

## Pals

Mo skule og SFO er ein PALS skule. PALS står for positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling. PALS er ein skuleomfattande innsatsmodell. Me legg vekt på positiv involvering og oppmuntring, og dei tilsette skal gje forutsiglege reaksjonar på negativ åtferd.



## Dagen på SFO

- Kl.07.30: dei som nyttar SFO før skuletid møter på klasserom 2. Me startar dagen med roleg frileik, evt. små aktivitetar som fargelegging, teikning og perling. Dei som treng å ete frukost tek med niste som dei kan eta her.
- Kl.08.10: Alle er ute for å få litt frisk luft før skulestart.
- Kl.12.20 (enkelte dagar 13.30, sjekk timeplanen for ditt barn) SFO startar etter undervisninga. Frileik ute eller inne. Enkelte organiserte aktivitetar som matlaging og forming der borna vert delt i grupper.
- Kl.14.00: me ryddar ute/inne. Dei som skal heim 14.15 pakkar med seg det dei skal og går til porten eller bussen.
- 14.30: mat for dei som er på seinSFO ( gryn, knekkebrød eller skiver)
- 14.50: frileik ute eller inne.
- 16.30: SFO stengjer

Det vert sendt ut månadsplan i starten av kvar måned med ei oversikt over aktivitetane me skal ha.

Hugs byteklede og innesko til å ha i korga i garderoben.

Parkering for bil ved levering og henting er på parkeringsplassen. Ikkje på skuleplassen.

## Personalsamarbeid

Personalet på SFO har møte på kveldstid ca. 1 gong pr.mnd. På desse møta tek me fyrst og fremst opp ting som skal skje på SFO framover og har fagleg påfyll når det trengs. I tillegg nyttar me tid til informasjon om enkelte barn. Me ser på trivsel og venskap og andre ting som dukkar opp.

Personalet er bundne av tieplikt etter forvaltningslova §13.

## Foreldresamarbeid

SFO samkøyrer foreldremøter med foreldremøta i 1.-4.kl. det vert vald representant for SFO til Fau og samarbeidsutvalet.

Ta ellers kontakt dersom det er noko de lurar på, eller om de har innspel til oss som jobbar der. Dersom de ynskjer foreldresamtale, ta kontakt for avtale.

## Opningstider

SFO er eit omsorg-og fritidstilbod til born frå 1.-4.klasse. Opningstida er frå 07.30-8.25 Og frå undervisninga er ferdig til 16.30. I skulen sine feriar/fridagar er opningstida 07.30-16.30. då kan borna nytta SFO etter bindande påmelding. SFO er steng julaftan og nyttårsaftan. I tillegg v.29 om sommaren og 5 planleggingsdagar i løpet av skuleåret (saman med skulen).

## Foreldrebetaling SFO 2021:

(20 % syskenmoderasjon for barn nr.2 og fleire)

opphaldstid	Pris pr.mnd
Frå 1-12 timar pr.veke	Kr.1010.-
Meir enn 12 timar pr.veke	Kr.1320.-
Måltid etter skulen	Kr.125
For sein henting	Kr.170 pr.gang

Frå undervisninga sluttar til 14.15 er SFO gratis. Dette gjeld ikkje ved skulefrie dagar/feriar.

### Kjøp av ekstra SFO tid:

Det er mogeleg å kjøpe ekstra tid på SFO, så lenge me har ledig plass/nok personale. Om de treng dette, ta kontakt med SFOleiar i god tid for å høyre om det let seg gjere.

Timepris kr.85.-

## Skulefrie dagar/ferie

Før skulefrie dagar/feriar vert det sendt ut skjema for bindande påmelding til SFObrukarane. Tal påmelde bestemmer kvar me skal vera-på skulen eller i barnehagen. Skulefrie dagar og feriar samkøyrer SFO og barnehage ved behov. Dette for å kunne avvikle feriar og evt. avspasering for tilsette både i SFO og i barnehagen.

## Satsar i samband med skulefri 2021:

Timepris kr.85.-

maksimalt pr.dag kr.314.-

maksimalt pr.veke kr. 785.-

maksimalt pr.mnd. kr. 2305.-

*syskenmoderasjon 20% gjeld ikkje på skulefrie dagar/feriar*

## Planleggingsdagar, skulefrie dagar og feriar 2021/2022

månad	Skulefrie dagar og feriar	Planleggingsdagar(skule og SFO)
august		16.og 17.aug.
september		13.sept.
oktober	11.-15.okt. haustferie (v.41)	
november		5.nov.
desember	23.des. 27.tom.30. des	
januar		28.jan
februar	28.feb.	
mars	1.tom.4.mars vinterferie (v.9)	
april	11.-13.april påske	
mai	27.mai	
juni	Sommarferie	22.juni

**Raude** dagar er ikkje tekne med her.

## Innhald

### Leik som utviklingsarena og sosial læring.

Leik har stor plass i SFO, og borna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve mestring. Leik er ein frivillig og indre motivert aktivitet som barnet sjølv kan velgja å delta i. Leik stimulerer til sosial læring og har ein viktig plass i borna si utvikling. SFO skal leggja til rette for og støtte opp om at leiken skal stimulere til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.

Me legg stor vekt på den frie leiken. Me fylgjer tett på for å sjå at alle har det greitt, men lar borna sjølv få styre leiken. Dersom ein ser at det vert problem som dei ikkje greier å løysa sjølv, hjelper me dei å finna gode løysingar for å komma vidare.



### Fysisk aktivitet

SFO skal vera ein arena for dagleg fysisk aktivitet som fremjer borna si glede over å vera i aktivitet og borna si motoriske utvikling. Dette kan ein få til gjennom både fri leik og organiserte aktivitetar.

Me legg opp til at ein er ute og i aktivitet kvar dag, uansett vær. Det fysiske miljøet rundt skulen stimulerer til fysisk leik med ulike apparat og ballbaner. Me har mange fine turmogleheiter i nærområdet som me nyttar når me har heile dagar SFO i feriar og fridagar.



### Mat og måltids glede

SFO skal leggja til rette for daglege måltider som gjev borna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar.

Borna får eit måltid mat når «seinSFO» startar. Dette kan vera brødsriver, knekkebrød eller gryn. Dei som ynskjer det får vera med på å lage klart måltidet. Det vert lagt vekt på hygiene og at maten er sunn. Grove skiver, grove knekkebrød, havregryn og andre fullkornsalternativ. Alle sit rundt same bord, og borna ryddar opp etter seg når dei er ferdige. Dei får også tilbod om frukt i SFO tida. Me øver på å venta på tur og på å venta til alle er ferdige.

Ein dag i veka lagar me mat ilag med ei gruppe av borna. Borna får kjennskap til prosessar ved matlaging, hygiene, kva som er i maten m.m. Me nyttar frukt og grønnsaker som høyrer hausten til når me t.d. bakar eplekake og gulrotkake om hausten og rabarbrakake om våren når det er rabarbra. Baking til jul og fastelavnballar er ein del av matkulturen vår. Me nyttar bålpanna ute til supper o.l. Sjølv om det berre er ei gruppe om gongen som lagar mat/bakar så får alle smake på det me lagar.



### Ein inkluderande SFO

SFO skal aktivt bidra til å danna fellesskap der alle borna kan delta og få ei kjensle av å høyra til. Borna skal oppleva likeverd, sosial tilhørlegheit og sosialt fellesskap med andre born og personalet.

Me deler borna i mindre grupper når me har aktivitetar på kjøkkenet og forming. Dette for å bryta opp grupperingar og gje borna moglegheit til å samhandla med born dei ikkje er så mykje med til vanleg. Me deler på tvers av klassar, kjønn og relasjonar. 4.klasse har 4.klassegruppegruppe ein time i veka. Då får dei t.d spele data eller gjera andre «gjeve» ting ilag.

Me prøver å skapa trivsel ved å skjerma om venskap og stimulere til nye venskap. Me hjelper born inn i leik og er til stades og ser at borna er trygge i leiken med andre born. Me legg til rettes for spanande leik ved å få inn noko nytt innimellom, byte litt på leikar og rom. Legg til rettes for formingsaktivitetar og leikar som borna kjem med innspel til.



## Kultur

SFO skal leggja til rette for at borna får delta i ulike kunstneriske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og annan skapande verksemd.

Me har ei gruppe som får ha forming kvar veke. Då kan ei ha prosjekt som går over fleire veker, eller ein lagar noko som vert ferdig raskt. Til jul og påske lagar me enkel pynt, og då har me ståande framme materiell som borna kan nytta utanom gruppene også. Borna får også laga morsdagskort, farsdagskort og fastelavnsris. Me legg vekt på å bruke dei moglegheitene dei skiftande årstidene gjev oss.

Der er stor skilnad på kor mykje dei vil lage, og kor mykje tid dei brukar på dette. Det er alltid tilgang til perler, garn, teiknesaker og bøker til å lesa i.

Me har smartboardtavler der me spelar musikk, ser på youtube og mykje anna kjekt.


Det er tilbod om kulturskule i SFOTida.





## Årshjul

månad	Tema/aktivitetar
august	Sommar Bli kjend/venskap
september	Haust Venskap Frukt og grønnsaker
oktober	Haust Tv-aksjonen 24.oktober
november	Farsdag 14.nov Advent/jul Bake julekaker Lage julepynt
desember	Advent/jul Bake julekaker Lage julepynt
januar	Vinter Lage snøskulpturar Male på snø Islykter Is
februar	Vinter Ake Morsdag 13.feb. Fastelavnsris 27.feb Fastelavnbollar
mars	Påske Ruge ut egg
april	Påske/vår Lage påskepynt Så frø
Mai	Vår Plante, lage grønnsakshage
juni	Sommar Uteliv Ville vekstar

**Ferie og fridager for skule og barnehage 2021-2022  
Modalen**

 Elevtne dager i grunnskulen

 Planleggingsdag barnehage  
(barnehagene stengt)

 Planleggingsdagar skule (og SFO)

**august 2021**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
30							1
31	2	3	4	5	6	7	8
32	9	10	11	12	13	14	15
33	16	17	18	19	20	21	22
34	23	24	25	26	27	28	29
35	30	31					

Skulestart og SFO-start 18.august

Planleggingsdag skule og sfo 16.-17.august

**september 2021**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
35			1	2	3	4	5
36	6	7	8	9	10	11	12
37	13	14	15	16	17	18	19
38	20	21	22	23	24	25	26
39	27	28	29	30			

Planleggingsdag skule og sfo 13.september

**oktober 2021**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
39					1	2	3
40	4	5	6	7	8	9	10
41	11	12	13	14	15	16	17
42	18	19	20	21	22	23	24
43	25	26	27	28	29	30	31

Hausferie skule 11.-15. oktober

**november 2021**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44	1	2	3	4	5	6	7
45	8	9	10	11	12	13	14
46	15	16	17	18	19	20	21
47	22	23	24	25	26	27	28
48	29	30					

Planleggingsdag skule og sfo 5.november

Planleggingsdag barnehage 5.november

**desember 2021**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
48			1	2	3	4	5
49	6	7	8	9	10	11	12
50	13	14	15	16	17	18	19
51	20	21	22	23	24	25	26
52	27	28	29	30	31		

Siste skuledag før juleferien 22.des.

**januar 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
53						1	2
1	3	4	5	6	7	8	9
2	10	11	12	13	14	15	16
3	17	18	19	20	21	22	23
4	24	25	26	27	28	29	30
5	31						

Første skuledag etter nyttår 3.januar

Planleggingsdag skule sfo og barnehage 28.januar

**februar 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5		1	2	3	4	5	6
6	7	8	9	10	11	12	13
7	14	15	16	17	18	19	20
8	21	22	23	24	25	26	27
9	28						

**mars 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9		1	2	3	4	5	6
10	7	8	9	10	11	12	13
11	14	15	16	17	18	19	20
12	21	22	23	24	25	26	27
13	28	29	30	31			

Vinterferie skule 28.feb-4.mars

**april 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
13					1	2	3
14	4	5	6	7	8	9	10
15	11	12	13	14	15	16	17
16	18	19	20	21	22	23	24
17	25	26	27	28	29	30	

Påskeferie skule 11.-18.april

**mai 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
17							1
18	2	3	4	5	6	7	8
19	9	10	11	12	13	14	15
20	16	17	18	19	20	21	22
21	23	24	25	26	27	28	29
22	30	31					

Offentlig høytidsdag 17. mai

Kr. himmelfartsdag 26. mai

Elevfri 27.mai

Planleggingsdag barnehage 27.mai

**juni 2022**

Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
22			1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11	12
24	13	14	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28	29	30			

2.pinsedag 6.juni

Siste skuledag før ferien 21. juni

Planlegging skule 22.juni

MERKNADER: Skuleruta er vedtåken i samarbeidsutvalta til skulen i møte 09.12.2020